



Musland Maskin har gjort eit stort og omfattande utberingsarbeid på Kunstgrasbanen. I maskinane sit Håkon Gabrielsen og Kjetil Arnfinsen.

**Det er den siste tida utført eit stort og omfattande arbeid med oppgradering og vedlikehald på Kunstgrasbanen. Noko av arbeidet er ein del av framdrifta av prosjektet Gull av Grus. Andre tiltak er vedlikehald og forbedringar for å letta drifta og for at anlegget skal ha eit betre funksjon. Alt entreprenørarbeid er gjort av Musland Maskin. Dugnadsgruppa har laga mur og gjort mykje av det førebuande arbeidet.**

Laus elvestein er fjerna og dei frigjorde flatene er avretta og klargjort for asfaltering. Alle kumma er senka for å få rett fall. Skåningen mellom plen/mosjonsapparata og aktivitetsområde er flata ut og gjort klar for såing på nytt. Dette vert gjort for å kunna slå graset med maskin.



Sidevegane vert reinska, avretta og gjord klar for asfaltering.

Det er planert, reinska og grust ved den nye muren i hjørna mot Geilo. Bakfyllet er på plass. Arealet langs gjerde til Neset er opparbeidd som veg, klargjord for asfaltering. Deler av område skal såast. Molda vert henta i Ospelunden. Grusen er knuste massar frå Musland sitt anlegg på Børneset.

Arbeidet var rekna å ta ei veke.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal